

Deres ref:

Vår ref:

Oslo 30.07.2013

Det Kongelege Finansdepartement.
v/ekspedisjonssjef Geir Åvitsland
Sendt per epost til: postmottak@fin.dep.no

Høyringsrunde om land-for-land-rapportering

Industri Energi vil med dette brevet vise si støtte til PWYP Norge sitt høyringssvar om land-for-land-rapportering.

Industri Energi støttar krava om at rapporteringa må vera meningsfull og kopla til selskapa sine konsernrekneskap.

Det er avgjerande at informasjonen om skattebetalingar blir sett inn i ein meningsfull samanheng der det er mogleg å verifisera om desse betalingane er korrekte eller ikkje. Rapporteringa i kvart rekneskapsår må innehalda, for kvart land:

- samlege investeringar
- samlege salsinntekter
- fullstendig produksjon
- samlege kostnader
- samlege skattar eller betalingar til personar som representerer eller handlar på vegne av styresmaktene
- talet på tilsette.

I tillegg må inntekter og kostnader for derivater bli rapportert separat for at ein skal få ein meningsfull samanheng.

For at rapporteringa skal vera god og samstundes rimeleg å produsera, bør den vera ein av notane til finansrekneskapet i konsernet. Den høgaste tilliten vil ein oppnå ved å inkludera land-for-land-rapporteringa i årsrekneskapet til konserna. Den lågaste kostnaden får ein ved å inkludere denne informasjonen som note til rekneskapet, i staden for å laga ein separat rapport.

Dersom desse 2 krava ikkje vert følgt, vil ein få mindre tillit til rapporteringa og høgare kostnader ved rapporteringa.

Industri Energi oppmodar Finansministeren og Finansdepartementet til å inkludera desse krava slik at land-for-land-rapporteringa blir meningsfull og inkludert i årsrekneskapa.

Mvh
Leif Sande,
leiar av Industri Energi.